



KOPI

Trond Hjelmeland
Stasjonsvegen 21 D
5221 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/219 - 17/26035

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
18.09.2017

Løyve til å etablere vatn- og avløpsanlegg - gbnr 121/10 Knarvik

Administrativt vedtak. Saknr: 417/17

Tiltakshavar: Trond Hjelmeland
Ansvarleg søkjar: Bergen Bydrift AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av avløpsanlegg i samsvar med utsleppsløyve gjeve i administrativt vedtak. Saknr: 215/17. Avløpet sakal reinsast i slamavskiljar og koplast på eksisterande utsleppsleidning til sjø.

Det vert elles vist til søknad mottatt 03.08.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming då han vart motteken, og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne datoen. Overskriding av sakshandsamingsfrist fører ikkje til reduksjon av gebyr for saker med 3 vekers frist.

Planstatus

Eigedomen ligg i LNF-område med høve til spreidd bustadbygging i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering og påkopling er vist i kart datert 19.04.2017

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket skal knytast til offentlig vassverk og privat felles avløpsledning

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vatn og avlaup den 13.09.2017.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i sak **215/17**, datert 10.05.2017.

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast delvis på tiltakshavar si eiga tomt og delvis på eigedomen gbnr. 121/5, der avløpet skal koplast til eksisterande felles sjøledning Det ligg føre samtykke til plassering av slamavskiljar og røyr på gbnr 217/1 og avtale om legging av ledning, tilkopling til utsleppsledning og framtidig vedlikehald.

Tilkopling til eksisterande anlegg/ledning

Gbnr. 121/26 fekk utsleppsløyve 04.09.73 i samband med frådelling av tomt. Ved bygging på gbnr 121/38 vart eigar pålagt å forlenga ledningen. Det er fleire eigedommar som er tilkopla, men desse er ikkje spesifisert i søknaden.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt trinn for etablering av avløpsanlegg på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.04.2017, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.**
- 3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen med søknad om ferdigattest.**

4. Vilkåra i utsleppsløyvet for eigedommen, datert 10.05.2017, gjeld for tiltaket

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/219

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Inga Merete Hjelmeland

Trond Hjelmeland

Håkonshellaveien 5174
137 F

Stasjonsvegen 21 5221
D

MATHOPEN

NESTTUN

Mottakarar:

Bergen Bydrift AS

KOPPI